



## Innkomne saker til årsmøtet til Hafslo IL mandag 29.februar 2024

### Sak 11 a: Oppdatere Hafslo IL sin anleggsplan 2023-2027 etter ekstraordinært årsmøte Hafslo IL 03.01.2024

#### Saksutgreiing:

På årsmøtet i Hafslo IL 27.02.2023 vart det gjort følgjande vedtak under sak 11a «Anleggsplan Hafslo IL 2023–2027»:

*Hafslo IL vedtek framlegg til ny anleggsplan for Hafslo IL 2023-2027 slik denne vert lagt fram for årsmøtet 27. februar 2023. Dette inneber at anlegga under del 2 vert prioritert høgt vidare i neste planperiode, og at alle anlegga under del 3 med styret sine prioriteringar vert spelt inn til arbeidet med ny «Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036» innan fristen 1.mai 2023. Årsmøtet godkjenner at styret har dialog med Sogn skisenter om prioritering av anlegga under punkt 4 (hopp K45) og 5 (oppgradering K10-19 til heilårsanlegg) og kan byte rekkefølga på desse.*

Etter årsmøtet i februar 2023 har Hafslo IL spelt inn dei prioriterte anlegga i anleggsplanen til ny kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036, med handlingsplanar 2024-2027. I tillegg har Hafslo IL hatt dialog med Sogn Skisenter om realisering av anlegga i anleggsplanen etter årsmøtet, og styret i Sogn Skisenter har godkjent avtale med Hafslo IL om bygging og drift av heilårsanlegg hopp K5, K10, K20 og friskianlegg. For å kunne sende inn spelemiddelsøknader for dei nemnde anlegga, som er høgt prioriterte i anleggsplanen vår, var det naudsynt med årsmøtegodkjenning av avtale om drift og bygging og innsending av spelemiddelsøknader for dei nemnde anlegga.

Vi har også hatt god dialog med Luster kommune om innsending av spelemiddelsøknader for anlegga. For å rekke innsending av spelemiddelsøknader innan den absolutte fristen for 2024 som er 15.januar, var det naudsynt med årsmøtevedtak på avtale om bygging og drift og innsending av spelemiddelsøknader. Det vart derfor innkalt til ekstraordinært årsmøte i Hafslo IL 3.januar 2024, for å få naudsynte vedtak på plass.

På ekstraordinært årsmøte i Hafslo IL 03.01.2024 vart det gjort følgjande vedtak:

*«Ekstraordinært årsmøte i Hafslo IL gjorde vedtak om å godkjenne spelemiddelsøknader for følgjande anlegg i tråd med notatet knytt til finansiering av heilårsbakke K5, K10 og K20 ved Sogn Skisenter:*

- *Heilårs hoppbakke K5 (ved banktrekket)*

- Heilårs hoppbakke K10 (ved banktrekket)
- Heilårs hoppbakke K20, inklusiv alle fasilitetar i hoppanlegg (ved banktrekket)
- Friskianlegg (ved banktrekket)

Vedtaket inneber at Hafslø IL bidreg med kr. 40.000 i eigenkapital til heilårs hoppbakke K5, og at Hafslø IL får fullmakt til å inngå avtale med Luster Sparebank om mellombels lånefinansiering for å få realisert anlegga.»

I tillegg vart det gjort følgjande vedtak på ekstraordinært årsmøte 03.01.2024:

«Avtala mellom Hafslø IL og Sogn Skisenter AS om bygging og drift av hopp- og friskianlegg ved Sogn Skisenter vart einstemmig godkjent slik den vart lagt fram utan merknader.»

Vedtaka inneber at anleggsplanen for Hafslø IL 2023-2027, vedteken 27.02.2023, må oppdaterast.

### **Kort oppsummering av framlegget:**

Anleggsplanen for Hafslø IL 2023-2027 må oppdaterast i tråd med endringane frå førre årsmøtet. Oppdatert anleggsplan 2023-2027 vert lagt fram for årsmøtet 29.02.2024 for godkjenning.

### **Saksdokument til årsmøtet 29.02.2024:**

[Gjeldande anleggsplan Hafslø IL 2023-2027](#)

[Protokoll ekstraordinært årsmøte Hafslø IL 03.01.2024](#)

### **Vurdering av framlegget:**

Hovudstyret i Hafslø IL har ikkje fått tid til å oppdatere gjeldande anleggsplan innan ei veke før årsmøtet, og legg derfor fram saka utan framlegg til vedtak. Ut i frå evt innspel fram mot årsmøtet, og diskusjonar på årsmøtet 29.02.2024, vil hovudstyret legge fram eit framlegg til vedtak og oppdatert anleggsplan 2023-2027 på årsmøtet.

## **Sak 11 b: Samarbeid med Botn Vel om realisering av pumptrack på område sett av til leikeplass i reguleringsplanen**

### **Saksutgreiing:**

Hafslø IL vart i januar 2024 kontakta av styret i Botn Vel om evt samarbeid om etablering av pumptrack-anlegg på eitt av områda sett av til leikeplass i reguleringsplanen for Botn bustadområde. Bakteppet er eit eventuelt samarbeid med tanke på å kunne få utløyst spelemidlar for anlegget, då Botn Vel ikkje kan søkje om midlar etter denne ordninga.

Eit første steg på vegen vil vere å få eit slikt anlegg inn i anleggsplanen for Hafslø IL. Det føreset eit årsmøtevedtak om at Hafslø IL er positive til eit vidare samarbeid med Botn Vel om å få realisert anlegget, og at anlegget vert teken inn i anleggsplanen vår.

Hafslo IL har dei siste åra hatt tilsvarande samarbeid med Hafslo Bygdelag (Grillhytta) og Hafslo Sogelag (Hestesportanlegg på Fluga) for å få realisert anlegg for aktivitet gjennom ordninga med spelemidlar.

På utvida styremøte i Hafslo IL 29.01.2024 vart det orientert om førespurnaden frå Botn Vel, og det var ingen som var negative til eit samarbeid for å få realisert eit slikt anlegg. I etterfølgjande dialog med Botn Vel, har styreleiar i Hafslo IL meldt inn saka til årsmøtet 29.februar 2024 innan fristen for innmelding av saker.

Meir informasjon om planane for pumtrack-anlegg i Botn går fram av Botn Vel si saksutgreiing til årsmøtet som vart arrangert 15.02.2024 i lenkja nedanfor:

[Saksutgreiing til årsmøte Botn Vel 15.02.2024](#)

På årsmøtet til Botn Vel 15.02.2024, vart det vedteke å gå vidare med planane om å få realisert pumtrack-anlegg i tråd med saksutgreiinga.

#### **Kort oppsummering av framlegget:**

Framlegget går i første omgang ut på om Hafslo IL ønskjer å samarbeide med Botn Vel om å få realisert eit slikt anlegg etter spelemiddelordninga. Og eit første steg på vegen er å få anlegget inn i anleggsplanen vår.

#### **Vurdering av framlegget:**

**Hovudstyret i Hafslo IL har ikkje fått tid til å vurdere framlegget til samarbeid og revidert anleggsplanen vår innan ei veke før årsmøtet. Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak. Ut i frå evt innspel fram mot årsmøtet, og diskusjonar på årsmøtet 29.02.2024, vil hovudstyret legge fram eit framlegg til vedtak og revidert anleggsplan på årsmøtet.**

### **Sak 11 c: Handsame organisasjonsplanen til Hafslo IL**

#### **Saksutgreiing:**

På årsmøtet 27.02.2023 vart det vedteke følgjande når det gjeld organisasjonsplanen vår:

*«Hafslo IL vedtek ny organisasjonsplan for 2023-2026 slik den vert lagt fram for årsmøtet 27.02.2023. Nytt hovudstyre får mandat av årsmøtet til å gjere tilpassingar i organisasjonsplanen saman med særgruppene ut i frå behov i planperioden. Eventuelle endringar av organisasjonsplanen må skje på ordinære eller ekstraordinære årsmøte i løpet av planperioden.*

*Når det gjeld ansvar, oppgåver og godtgjersle for styremedlemer og gruppeleiarar for 2023, så får styret mandat til å gjere vedtak innanfor gjeldande budsjettrammer.»*

Lenkje til organisasjonsplan 2023-2026: <https://hafslo-il.no/wp-content/uploads/2023/03/HIL-ORGANISASJONSPLAN-2023-2026-oppdatert-19.02.2023.pdf>

Styret og gruppeleiarane har ikkje hatt høve til å arbeide med å oppdatere gjeldande organisasjonsplan 2023-2026 i 2023. Gjeldande organisasjonsplan gir likevel uttrykk for Hafslo IL sine

overordna målsetjingar, og vert nytta som styringsverktøy i avgjerder som vert tekne i løpet av året både i hovudstyret og gruppene.

I løpet av 2023 er mellom anna Hafslo IL meldt inn i Norges Håndballforbund. Dette burde vore oppdatert i organisasjonsplanen. Handballgruppa er uansett involvert og integrert som eiga gruppe i idrettslaget i 2023, og utfører sine aktivitetar i tråd med dei overordna måla for Hafslo IL.

Dette er derfor ein plan som det bør arbeidast vidare med i 2024, og teken opp til revisjon på årsmøtet i 2025.

I [lov for Hafslo Idrettslag](#) § 10 (3) nr. 13 går det fram at idrettslaget skal handsame «*organisasjonsplanen til idrettslaget*».

Sjølv om det følgjer direkte av lova for Hafslo IL at organisasjonsplanen skal handsamast på årsmøtet, har styreleiar i Hafslo IL valgt å melde inn dette som eiga sak innan fristen 15.februar 2024.

### **Vurdering av framlegget:**

**Hovudstyret i Hafslo IL har ikkje fått tid til å handsame eller oppdatere gjeldande organisasjonsplan 2023-2026 innan ei veke før årsmøtet. Godkjenning av gjeldande organisasjonsplan vert lagt fram utan framlegg til vedtak. Ut i frå evt innspel fram mot årsmøtet, og diskusjonar på årsmøtet 29.02.2024, vil hovudstyret legge fram eit framlegg til vedtak på årsmøtet.**

Styret i Hafslo IL 22.02.2024

Ove Midtbø  
Leiar Hafslo IL

